



Maria Malmsten startar sin 13. sesong som dirigent for Røysterett for Alle.

Maria Malmsten har vore musikalsk leiar for Røysterett for Alle i heile 12 år. I kveld startar ho på sin 13. sesong. Ingen dirigent før kan syna til så lang tenestetid i dette koret. På spørsmål frå uskedalen.no om kvifor det er slik, seier Maria at medlemene i koret er ein fin gjeng, dei er flinke og mange jobbar godt med teksten og si stemme.

Maria Malmsten kom til Røysterett for Alle som dirigent i 2006. Ho har vore innom fleire andre kor i Kvinnherad, men ingen så lenge som i Uskedalen. Maria framhevar dette med å ikkje vera redde for å syngja nytt stoff. I hennar tid er det også skriva og arrangert mykje just for dette koret. Eit kor i utvikling og med eit variert repertoar må prøva nytt stoff og nye framføringsmåtar. Regien er viktig i all formidling.

Maria Malmsten har utdanninga si frå Griegakademiet og Bergen Lærarhøgskule. Ho er mezzosopran og har arbeidd som freelancemusikar og songpedagog. Maria har i over 30 år vore dirigent i heimlandet Sverige, på Færøyane og i Noreg. Ho er musikalsk leiar for to vokalensemble og dirigerer for tida tre kor. I tillegg syng ho i fire andre vise- og songgrupper.

Maria Malmsten er ein dyktig songpedagog og dirigent. Med sin uttrykksfulle veremåte inspirerer ho koristane til

å yta det beste i det ein skal framføra ein tekst, anten det er kjend stoff eller noko som er nytt for publikum.

Så langt vi kjenner til treng koret mannsstemmer. Gamle og nye medlemmer er velkomne til øving kvar torsdag kl. 19, til vanleg i Helgheim, men i kveld er fram møte Uskedal skule

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Maria Malmsten/ Svein Rimestad



Røysterett for Alle i jubileumsåret 2018. Koret treng fleire mannstemmer.